



Kjartan Refsdal
Refsdal
5956 HUNDEVIN

Tilsegn om tilskot - Lindås - Gnr 95 bnr 1 - Tilskot til drift med taubane - Kjartan Refsdal

Fylkesmannen syner til søknad dagsett mars- 2018 om tilskot til drift med taubane i bratt terreng på gnr bnr 95/1 i Lindås kommune.

Vedtak:

Fylkesmannen i Hordaland godkjenner søknad om tilskot til drift av om lag 1.100 m³ gran med taubane jf. saksutgreiinga. Tilskotsats er kr 80,- per m³ for hogst av ståande skog, avgrensa inntil kr 88.000.- som tilskot.

Arbeidsfrist er 1.april 2019.

Om søknaden

Skogeigar Kjartan Refsdal søkjar om tilskot til drift av 1.100 m³ gran med taubane. Avverka areal vert om lag 25 daa. Totalt vert det søkt om kr 88.000.- i tilskot. Eigedomen ligg i Lindås kommune, på Hundvin.

Lovverk

- *Lov om skogbruk*
- *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*
- *Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane i Hordaland 2016*
- *Regionalt skog- og klimaprogram for Hordaland, 2013-2017*
- *Lov om forvaltning av naturens mangfold*

Vilkår

- Arealet som er ytt tilskot til vert tilfredsstillande forynga, jf «*Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane 2017*»
- At skogen er minst så gamal som kravet for i dei ulike bonitetane:
-

| | | | | |
|-------------|--------------|-------|-------|-------|
| Bonitet H40 | G23 og betre | G20 | G17 | G14 |
| Alder i år | 60 år | 70 år | 80 år | 90 år |

Utbetaling

- Utbetaling av tilskot skjer etter avslutta hogst
- Arbeidsfrist er 1.april 2019
- Søknad om utbetaling skjer på same skjema som det vert søkt om tilskot, men med reelt avverka volum ført på og dokumentert med kopi av målenota ol.
- Tilskot kan krevjast heilt eller delvis attende om føresetnadene for tilskot ikkje vert oppfylt, jf. opplysningar i søknaden og «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane 2017»

Vurdering

Jf. *Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane i Hordaland 2017* kan tilskot berre gjevast når det ligg føre eit føremålstenleg driftsopplegg og utan skade på spesielle miljøverdiar i området. Det skal ikkje gjevast tilskot om drifta motverkar bygging av eit rasjonelt vegnett, i verneskog utan samsvar med retningslinene for området, hindrar forynging eller at området skal nyttast til anna føremål enn skogproduksjon.

Søknaden er sendt frå Lindås kommune som og har gjeve slik uttale:

«Ut frå skogbruksplanen så er det i driftsområdet 11 dekar gran G 26 65 år og 11 dekar gran G 23 63 år.

Etter dei opplysningar eg har henta ut, er der ingen raudlisteartar i eller i nærleiken av området drifta skal gå føre seg jfr Naturmangfaldlova § 8

Drifta vil heller ikkje vera øydeleggande for vegløyising i området.»

Tilskot skal berre gjevast om ein tek omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Jf. naturmangfaldlova § 7 må saka vurderast etter dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Jf. www.kart.naturbase.no er det ikkje registrert sårbare arter eller trua naturtypar innanfor driftsområdet. Hogst i aktuelle område vil ikkje ha negative effektar på sårbare arter eller naturtypar.

§ 9 Føre var prinsippet

Fylkesmannen forutsett at hogsten skjer i tråd med krav for sertifisering av entreprenør og skogbrukets krav til miljøomsyn (standardane for miljøomsyn). I denne saka vert «føre var prinsippet» i tråd med sertifisering og skogbrukets krav til miljøomsyn.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Planlagt driftsområde er planta granskog. Jf. kunnskapsgrunnlaget er det ikkje registrert sårbare arter eller naturtypar i området. Hogst i området vil endre dagens økosystem i granskogen og landskapsbilete, men vil vere forsvarleg basert på kunnskapsgrunnlaget (ikkje registrert særskilte miljøverdiar) og låg hogstaktivitet i nærområdet.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Juridisk har skogeigar ansvaret for eventuelle skader på miljøet. Indirekte vil sertifiseringsordninga hjå entreprenør og tømmerkjøpar sikre at eventuelle skader vert retta opp.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Skogeigar søker om tilskot til bruk av taubane som driftsmetode. På grunn av vanskeleg og bratt terreng er bruk av taubane den mest skånsomme driftsmetoden. Samanlikna med bruk av hogstmaskin og lassbærer i terrenget, er taubane meir skånsamt for eventuelle terrengskader.

Fylkesmannen meiner tiltaket er i tråd med naturmangfoldlova. I høve *Retningslinene for tildeling av tilskot til taubane i Hordaland 2016* er det krav til minimum 60 års alder (G23 eller betre) for å gjeve tilskot.

Klage

Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
Nortømmer as